



Aurland kommune

Kommunedirektøren

Retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Aurland kommune

Føremål

Kulturmidlane skal ha som føremål å støtte opp om kulturarbeidet som vert drive av frivillige lag, organisasjonar og einskildpersonar. Det skal leggjast til rette for å skape aktivitetar og å gje høve til eit allsidig og omfangsrikt kulturliv i heile kommunen.

1. Generelt om søknad, vedtak og klage

- Kommunedirektøren eller den som han delegerer mynde til, har som oppgåve å innstille til kulturmidlane, og leggje det fram for Levekårsutvalet til avgjer.
- Frist for søknad om tilskot frå kulturmidlane er sett til 1. februar. Nye, digitale søknadsskjema må nyttast ved søknad. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vert ikkje handsama.
- Med søknaden skal fylgje: Årsmelding, revidert rekneskap, budsjett, medlemstal, aktivitetsplan, kostnadsoversyn. Ta òg med plan for arbeidet, arrangementet, opplæringa der slikt er rimeleg å forlange. Søknader som manglar dokumentasjon, vert ikkje handsama.
- Ved tildeling av kulturmidlar skal det lagast ein rapport som syner og gjer greie for kva årets tildelte kulturmidlar er brukt til. Rapporten skal leverast inn til post@aurland.kommune.no og merkast med «Rapport kulturmidlar» innan 31. januar året etter tildelinga.
- Søknad om tilskot vert handsama av Levekårsutvalet
- Søkjar får brev med melding om vedtak og frist for rapportering.

2. Vilkår for tilskot

- Det kan gjevast tilskot til personar, organisasjonar, foreiningar og lag som driv eller vil drive kulturverksemd i Aurland kommune
- Interkommunale lag og organisasjonar som har tilknytning til Aurland, kan søkje dersom aktiviteten vert halden i kommunen
- Det er viktig at tiltaket vil gje auka aktivitet og trivsel for innbyggjarar i kommunen. Eit tilskot vert gjeve etter mellom anna aktivitet, medlemstal (ikkje under 10 medlemmar), økonomi og kontingent. Det vert teke omsyn til nye tiltak og lag med høg aktivitet, men økonomisk forsvarleg drift
- Til alle sine arrangement må lag og organisasjonar som får kulturmidlar frå Aurland kommune, gje *fri tilgang* for følgjeperson til funksjonshemma ved framvising av følgjekort

3. Unnateke frå tilskot er:

Næringsorganisasjonar, politiske organisasjonar, yrkesfaglege organisasjonar og kommersielle interesseorganisasjonar fell utanfor tilskotsordninga.

4. Kommunen har følgjande prioriteringar:

- Tiltak for barn og unge er prioriterte
- Leiaropplæring, rettleiing og instruksjon knytte til lagsarbeid for barn og ungdom
- I tillegg vil kommunen prioritere tiltak som gjev eit kulturtilbod for folk flest i heile kommunen. Det kan vere teaterframсыningar, konsertar, programkveldar med dans, songkveldar og andre aktivitetar som gjev trivsel for unge og eldre.
- Fleirkulturelle arrangement
- Forsamlingshuset/anlegget må vere ope for alle
- Forsamlingshuset/anlegget må ha eit forsvarleg styre
- Forsamlingshuset/anlegget må ha faste aktivitetar gjennom heile året

5. Følgjande tilskotsordningar gjeld:

- A. Aktivitetstilskot/ Driftstilskot til laget.* Slikt tilskot vert gjeve til verksemder som driv kontinuerleg, og som har ulike aktivitetar som hovudmålsetjing. Inkludert i denne kategorien gjeld også oppstartingstilskot for nye lag og organisasjonar.
- B. Leiaropplæring, rettleiing og instruksjon.* Det kan gjevast tilskot når opplæringa har spesielt stor verdi for deltakarane sitt arbeid i laget, og når laget eller einskildpersonar er engasjerte i eller av lag som høyrer heime i punkt 2.
- C. Tilskot til særskilde arrangement.* Under føresetnad av at tiltaket vert arrangert, vert utført eller vert leia av lag som kjem inn under punkt 2, kan det gjevast eit tilskot på inntil 20.000 kr. I søknaden må det gjerast greie for eigeninnsatsen.
- D. Tilskot til målretta ungdomstiltak/prosjekt, og aktivitetar starta og driven av ungdom.* Det må leggjast ved plan med oversyn på kostnader og finansiering, eventuelt revidert rekneskap for siste året.
- E. Tilskot til drift av forsamlingshuset.* Driftstilskot kan løyvast med inntil 30% av dokumenterte utgifter frå straum, forsikring, kommunale avgifter, renter på lån, og mindre vedlikehald. Rekneskap frå føregåande år skal leggjast ved. Det skal vere god aktivitet i huset.